



Regionsmeisterskap - s. 3



Ny giv - s. 10




Friluftstuke - s. 11



BOKN BYGDABLAD

Nr. 4 mai/juni 2016 – Årg. 31





Kjære Boknerar

Bokn fortsatt egen kommune

Boknerane ga mandag 20. juni sitt tydelige svar på hvordan man ønsker det. Med en valgdeltagelse på 63,2% sa folket at Bokn skal være egen kommune. 75% sa nei til kommunesammenslåing med Tysvær, 25% sa ja.

Kommunestyret vedtok dagen etter å følge folkets råd og gikk enstemmig inn for at Bokn skal være egen kommune. Da har Bokn sagt sitt og oversender vedtaket til fylkesmannen som igjen skal sende sin vurdering til

helt bevist at vi forhandlet så gode avtaler som mulig for hvert alternativ. Deretter kunne folk velge det alternativet de syns var best for Bokn i fremtiden. Kommunestyret var bestemt på å forholde seg til det råd som ble gitt uansett resultat. Dette i visshet om at man hadde gjort alt man kunne for å få en best mulig løsning for Bokn i det alternativet som fikk flertall i folkeavstemmingen.

Kongebesøk

27. juni kommer Kongen og Dronningen til Stavanger i anledning deres 25 års jubileum som Norges

I Bokn er det nå under planlegging et utrolig flott prosjekt hvor massen virkelig kan utnyttes på en samfunnsmessig god måte. I Førsvik planlegges det et nytt og spennende bolig og næringsprosjekt. Her vil tunellmassen fra Rogfast ha en helt sentral funksjon. Tunellmasse er planlagt fylt i sjøen fra tomten hvor Bokn Plast er i dag, herfra nordover forbi Tå varde, for å skape arealer for utbygging.

Området blir planlagt som et flott moderne bomiljø med badeplass, småbåthavn og butikk, et virkelig prosjekt som vil bli en ny perle i



Illustrasjon - Holmen, Førsvik

departementet innen 1. oktober i år. Kommunereformen skal endelig avgjøres av stortinget våren 2017.

Hvorfor hadde ikke kommunestyret en anbefaling

Det er stilt spørsmål om hvorfor ordføreren og kommunestyret ikke gikk ut med en anbefaling i debatten rundt kommunesammenslåing.

Skal man forhandle en god avtale kan man ikke etterpå gå ut og si at man vil anbefale folk å si nei til avtalen. Hvis man gjorde det var det usikkert om man i det hele ville hatt noen å forhandle med. Så lenge det hele skulle avgjøres ved en folkeavstemming og folk skulle få to valg var det

kongepar. I denne anledning har kongeparet invitert til hagefest på Ledaal. Slottet har invitert innbyggere fra alle kommuner i Rogaland. Antallet er tatt ut fra innbyggertallet i kommunene. Fra Bokn vil det reise 6-8 personer. I tillegg er alle ordførere i Rogaland invitert.

Vi gratulerer kongeparet med 25 års jubileet og gleder oss utrolig til å representere Bokn selskapet.

Utnyttelse av Rogfastmasse

"Samfunnsmessig god utnyttelse av Rogfastmasse" har vært et gjentagende og mye brukt uttrykk av fylkesmann, fylkeskommune og andre i forbindelse med Rogfastprosjektet.

Bokn.

Reguleringer er i gang og prosjektet drives av Bokn eiendomsutvikling som er et selskap eid av Caiano og HRH eiendom.

I likhet med alle andre prosjekter som er og vil bli igangsatt i Bokn håper vi dette blir en suksess som blir til glede for alle boknerar i fremtiden.

Sommeren er her og flere har begynt en velfortjent ferie.

Ønsker med dette alle en flott sommer og en fin ferie.

Hilsen ordføreren

Flott regionsmeisterskap

Jardar Havikbotn

4. og 5. juni arrangerte Bokn Sykkelklubb (BSK) Regionsmeisterskapet for Region-sør (Rogaland og Agderfylkene). Det blei nok ein suksess for klubben.

Kyrkjebygd aktivitetshus var staden for fleire hundre ryttrarar og andre sykkelinteresserte denne helga. Staden ved «gamleskulen» fungerte veldig godt som base for meisterskapet, spesielt etter at den nye parkeringsplassen ved kyrkja kunne takast i bruk. I løpet av to dagar var det til tider my-



Flott arrangement i flott sommarvær.

Anders Larsen, Matilde Skjelde og Anders Beiermann med begge dagane. Truls sykla i klasse 6-9 år medan dei andre sykla i M/K 10. Joakim Skjelde har vore småsjuk og er ute av form, og



Staden ved «gamleskulen» fungerte veldig godt som base for meisterskapet.

kje folk der oppe, men fin og roleg stemning – noko som tyda på full kontroll frå arrangørane.

Grønnestadrunden, enten det var frå Boknaberg eller «Hallvardskrossen» fungerte godt til temporitt på laurdagen (95 startande) og fellestart på sundagen (140 frå start). Fleirtalet var frå Rogaland, men også mange frå Kristiansand og Grimstad- klubbane var med.

- Me er storfnøygde med antal deltakarar og ikkje minst at dei beste frå



Fh. Torunn Skjelde, Lene Foss og Lars Øyvind Alvestad i sekretariatet. Tv. Truls Foss, som også var med og sykla under arrangementet.

storklubbane tok turen, sa rittleiar Kjell Olav Skjelde etter den travle helga.

Deltakarar frå BSK

Frå arrangørklubben var Truls Foss,

det var uaktuelt for han å starta i dei knallharde løypene på Bokn. Arne Kalland Olsen sykla Hårfagrerrittet på laurdagen, men tok ein sterk 2. plass i M Junior på sundagen.



Den største profilen av deltakarane var Susanne Andersen frå Stavanger SK.

Regionsrittet var delt inn i mange klassar, frå 6 år og oppover. Årsklassane var 6-9, 10, 11-12, 13-14, 15-16, Junior, Senior og Masterklassar. Sistenemnde klasse er inndelt i kvar 5-årsklasse som 30-34, 35-39 osv. Rittleiaren fortel at det er strenge reglar her, spesielt i dei yngste klassane, med tanke på girutveksling og



Rittleiar og speaker Kjell Olav Skjelde hadde ei travel helg.

vekt på sykkel, osv. Difor var det mange dommarar, utsendt frå Norges Cycleforbund som overvåka og kontrollerte at ingen juksa. På fellesstarten var det dommarar i bilane som overvåka rittet.

Verdsklasse

Den største profilen av deltakarane var Susanne Andersen frå Stavanger SK. Ho er ei av verdas beste syklistar i K Junior-klassen. I tillegg deltok Jone Ellingsen frå Sandnes, som i ei årrekke har vore blant Noregs Topp 20-syklistar. Han har m.a. vunne alt av dei store turritta, som t.d. Trondheim-Oslo. Rittleiaren er heller ikkje i tvil om at det var mange unge syklistar med i helga som me kjem til å høyra mykje av i framtida.

Kjell Olav hadde med seg 5 andre personar i rittleiinga, på bilane og motorsyklene var det 12 sjåførar, og det var 6 dommarar begge dagane. Vaktsjef Helge Kristian Nilssen fortel at det var 12 vaktar ute på postane på laurdagen og 17 på sundagen. Han var nøgd med at folk, med nokre få unntak, fulgde vegrettleiingane frå vaktane og at trafikken gjekk godt då ritta blei gjennomførte.

Leiar i sykkelklubben, Lars Øyvind Alvestad, var godt nøgd med mykje folk og god stemning på Kyrkjebygd. Han fortalde om ein avtale med eit hotell og at fleire av deltakarane overnatta der.

Imponerende av BSK

Nok ein gong har sykkelklubben fått mange positive tilbakemeldingar om eit godt gjennomført arrangement. Og klubben har igjen vist at ein liten klubb kan ta på seg eit slikt stort arrangement. Fleire i klubben treng arrangementserfaring og etter denne helga har mange fått opp kompetansen.

- Me som satsar på dei yngste, synest det er morosamt å arrangera slike ritt der dei yngste klassane er med, seier Kjell Olav, som også er nøgd med at dei i tillegg får profilert klubben for heile regionen.

Han er full av takksemd til alle som bidro til at det blei ein sykkelfest. Nokon har bakt 200 boller av ulike sortar til kiosken, andre har stått vakt heile



Vaktsjef Helge Kristian Nilssen var nøgd med at folk, med nokre få unntak, fulgde vegrettleiingane frå vaktane og at trafikken gjekk godt då ritta blei gjennomførte.

helga, motorsyklistar, billistar, m.m. Han vil også takka alle som lagde liv i løypa og alle trafikantar som viste tålmod.

Kr. 30.000

Under arrangementet på laurdagen delte Lene Foss ut, på vegne av Sparebanken Vest, kr. 30.000 til BSK.

Desse midlane er øymerka tidtakarsystem. Nå treng ikkje sykkelklubben leiga dette lenger, men kan investera i sitt eige.

Planar framover

Årets hovudmål for Juniorane er NM i landeveissykling i Bodø 19. – 26. juni, og nå blir det full fokus på desse førebuingane. Klubbens yngste skal på sykkelcup til sørfylket i midtvekene framover, samt Nærbø GP. Hovudmålet deira i år er Ringerike Petit GP på Hønefoss.

BSK skal begynna med nybegynnartreningar igjen, der dei håpar nye unge kjem og prøver klubbens racersyklar.

- Eldre er også velkomne til torsdags-treninga, der me held eit tempo som alle klarar å halda, avsluttar rittleiar Kjell Olav Skjelde.

Den aktive sykkelklubben arrangerer også gatecup på Gokartbanen på Årabrot. Der er det klassar for alle som vil, og neste runde er 3. juli. Meir info om dette finn du på boknsk.no. Der kan du også sjå mange bilder frå meisterskapet.

- Kjekt å hjelpa til

Medan ryttarane på sundagen peste seg rundt Grønnestad gong på gong, tok eg ein tur opp på langeområdet. Langing var lov på runde 5 og 6 (av 8 rundar). Der stod Kristian Hatlem (14 år i august) klar. Han var med som medhjelpar på 2. året. I fjor var han vakt på BoknOpp. Denne gong var han løypevakt.

- Viss bilane skal få lov å køyra, må eg passa på at syklistane ikkje er i nærleiken før eg slepp dei avgarde, seier han.



Kristian Hatlem hadde fått på seg same vest som den ryttaren han skulle langa til.

Nå nærma det seg langing, og han hadde fått veta kven han skulle langa til, og hadde same vest på seg som ryttaren.

- Nå må eg passa på å halda heilt oppe på flaska og ikkje halda for hardt. Då kan eg bli dratt med av syklisten, fortel ein som synest det er kjekt å hjelpa til.

- Kjekt å sykla

Anders Larsen (9 år) og Matilde Skjelde (10 år) frå arrangørklubben var med og sykla begge dagane. Dei hadde vore med i klassen M/K 10, og hadde også sykla rundt Grønnestad.

- Det hardaste var bakkane, seier Matilde. Ho har vore med i klubben i to år og har m.a. vore i Sverige og sykla. Å reisa og konkurrera er veldig gøy, synest ho.

Anders har eitt år bak seg i klubben. For han er det kjekkaste med klubben å sykla.

- Eg prøver å bli veldig god å sykla, seier han.



Anders Larsen og Matilde Skjelde, spreke syklistar i Bokn Sykkelklubb.

Trim-ekskursjon

"Gla Trimmen" ved Frisklivsentreren i Bokn - "Innom", var 16. juni på sommaravslutning og trim-ekskursjon te by'n, ja heilt til flotte Havnaberg Seniorsenter i Haugesund.

Vi vart tatt i mot med opne armar og både lokale og triminstruktør stod klar til oss. 97 år gamle Ingolf Hustvedt styrte trimskuta med stø hand; for ein innsats, for ein inspirasjon! Takk Ingolf Hustvedt, Jarle Hansen og de andre på Havnaberg!




Teikst & foto: Anne E. Askeland

Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRÅ NR. 4 1991

KONG HARALD V TIL BOKN 26. JUNI



Som kjent har det gledelege skjedd at Hans Majestet Kong Harald V har akseptert innbydinga frå Bokn kommune om å foreta den offisielle åpninga av Kyststamvegen gjennom Bokn.

Etter det som nå er kjent vil kongen koma med bil frå Haugesund og vera på Bokn i 1 time frå kl.14.00 - kl. 15.00. onsdag den 26. juni.

I det tidsrommet vil den offisielle åpninga av vegen finna stad på Are, og ferjetrafikken vert sett i gang. Kl. 15.00 vil kongen forlata Are og Bokn med kongeskipet.

Etter det offisielle programmet er slutt, vil kulturstyret i samarbeid med

organisasjonar i kommunen arrangera ein folkefest i skuleområdet. Det er leigd inn eit stort telt, og det vil bli både utstillingar, matsalg og underhaldning utover ettermiddagen.

Bokn kommune ynskjer at kongen og andre gjester skal få sjå kommunen frå si beste side denne dagen, og ein vil derfor oppfordra alle til å vera ekstra nøye med vårpussen i år. Det bør sjå velstelt og fint ut både hos private og hos det offentlege denne dagen. Bokn kommune vil også setja i gang opprydding på offentlege stader, og hjelpa til med at folk kan bli kvitt rusk og rask. Nærare informasjon om dette kjem seinare i rundskriv.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Borgenvik Hytteområde 13 (Gnr 24, bnr 15) er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik, Odd Jakob Borgenvik og Venke Haga til Astrid Borgenvik Kristiansen (**10.05.2016**)

Borgenvik Hytteområde 12 (Gnr 24, bnr 16) er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik, Odd Jakob Borgenvik og Venke Haga til Anita Borgenvik Barane (**10.05.2016**)

Gnr 3, bnr 66 er overdradd fra Arne Øvrebø til Einar Tore Øvrebø (**30.05.2016**)



Kulturkalenderen

Jul

- 10. Gudsteneste kl. 13
- 31. Gudsteneste kl. 11

Nye arrangement fram til jul kjem i juli-utgåva.

GRATULERER



Ida, 15. mai.

Den 15. mai kom endelig vår lille Ida til verden. Mathea er stolt storesøster og vi takknemlige foreldre.

Veronika Sæbø og Terje Askeland.



Adelin Øvrebø - 1 år 28. juni.

Vi vil gratulere verdens herligste og blideste jente med ettårsdagen 28. juni!

Gode klemmer fra mamma og pappa.

GRATULERER

Ingrid Ovidth, fødd 13. juni 1946, døydd 16. mai 2016.

Ho vart fødd og oppvaksen i Fridalen i Bergen som nest eldst i ein syskenflokk på fire. Foreldra var Valborg og Erling Naustdal.

Etter framhaldsskulen utdanna Ingrid seg innan hand arbeid og søm, og jobba med dette i Bergen til ho gifta seg med Hans Ovidth 22. juli 1967. Då flytta dei til Stjørdal og fekk dottera Marianne. Hans var sjømann, og då han seilte hos Solstad Offshore ASA, la Bokn kommune ut tomter til sjøfolk. Dette endte med at familien flytta til Bokn i mars 1970.

I 1971-72 var Ingrid med om bord og jobba som messepike. Dottera var då hos bestemor i Stjørdal. I 1973 blei sonen Christian fødd. Etter kvart blei det vikariat og fast stilling som reinhaldar i Bokn kommune, noko ho jobba med heilt til ho gjekk av med pensjon som 62-åring. Som pensjonist blei det mykje reising og opplevingar i både inn- og utland.

Ingrid var aktiv i foreningslivet og var i mange år styremedlem i både Bokn sanitetsforening, Bokn hagelag og Bokn musikkorps. Ho sydde og lagde mykje til basarar og andre tilstelningar. Hus og hage var også store hobbyar.

Ho var veldig glad i familien og svært snill, eit eineståande menneske som alltid kjøpte eller lagde noko for å gi bort.



Med ein mann som var mykje vekke hadde ho eit stort ansvar, noko ho klarte på ein glimrande måte.

Ingrid etterlet seg mann, to barn og fire barnebarn.



Foto: Kjetil Hamre

Hjertelig takk for all deltagelse, hilsener og blomster ved vår kjære Ingrid Ovidth's begravelse.

*Hans, Marianne,
Christian m/fam.*

Takk til organisten vår, Gunn Bergvoll Larsen

Jan Magne Moi

Gunn Bergvoll Larsen vart takka av som organist på frivillighetsfesten 9. juni. Ho tok til i stillinga 1. januar 2004 og går av 15. august 2016.

Gunn har vore ein stabil og god organist som alltid har stilt opp når det har vore gudsteneste eller andre kyrkjelege handlingar. Ho blir 73 år dette året, men har aldri gitt uttrykk for at ho var for gamal til å stå på.

Bokn sokneråd er svært takksam for den tenesta som Gunn Bergvoll Larsen har utført i Bokn kyrkje i alle desse åra og ynskjer alt godt for å som ligg framanfor.

**Jan Magne Moi
kyrkjeverje**

Takk til Gunn Bergvoll Larsen.



Pensjonert

Jardar Havikbotn

Bokn Bygdablad set fokus på dei medarbeidarane som gjekk av med pensjon i Bokn kommune året før. Denne gong presenterer me Lindy Haram.

Lindy har jobba i kommunen i rundt 40 år. Frå 1975 var det periodevis jobbing for formannskapskontoret og kommunekasserarkontoret, og frå 1987 blei det fast stilling i sentraladministrasjonen, samtidig med at kommunen flytta frå «Gamlebanken» til Boknatun. Nå er det berre Hans Faye og Jan Erik Nygaard igjen frå «den tida».

I byrjinga var stillingane og arbeidsoppgåvene knytta opp mot teknisk og sentraladministrasjonen. Etter kvart blei ein større del av stillinga knytta opp til kommunekasserarkontoret. Ho overtok så stillinga som skatteoppkrevar, ei stilling ho hadde til 2015.

Rivande utvikling

Lindy har tatt del i utviklinga; frå den tida ein skreiv protokollar og møtebøker med penn og brukte stensilmaskin til sakspapirprodusering. Så kom den revolusjonerande IBM kulehovud-skrivemaskinen med rettetast, og så kopimaskinen utan stifting eller sortering.

Lindy hugsar godt kor mykje tid det tok å senda ut sakspapir i tida frå 1985/1986 og framover til 1990, då alt arbeid måtte gjerast manuelt.

- Me gjekk rundt eit bord og samla eitt og eitt dokument og knipsa saman, humrar ho.

I tillegg var det i den perioden dobbelt så mykje møter som nå. I dag er det berre ein liten del som blir produsert. Det har vore ei utrueleg utvikling fram til dagens kommunale drift med elektronisk informasjonsutveks-



Lindy Haram under avslutninga på Boknatun 21. mai 2015.

ling og saksbehandling, e-post og sosiale medier. Rådmann Jan Erik Nygaard sa i talen

sin under avslutningsmarkeringa at Lindy har gjort seg godt gjeldande i den stillinga ho har hatt i Bokn kommune.

Minner og latter

Då Lindy rydda kontoret, fann ho ein kladd over eit rekneskap for Bokn kommune frå tida mellom 1980 og 1985. Denne hadde ho med seg under avslutninga. Ulike historiar blei knytta opp til rekneskapet, som brakte fram minner og latter saman med arbeidskollegaene.

I tillegg til den kommunale jobben var ho i mange år hovudtillitsvalt frå Fagforbundet - ein viktig og krevande jobb, der ein skal balansera forhandlingar med krav på vegne av dei tilsette samtidig som ein skal halda seg til leiinga som kollegaer og medarbeidarar. Det klarte ho fint.


 The logo for Mæland Bygg features a stylized red roof above the text 'MÆLAND BYGG' in large, bold, black letters. Below this, 'NYBYGG & REHABILITERING' is written in a smaller, bold, black font.

MÆLAND BYGG
NYBYGG & REHABILITERING

BOKN BYGG

VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.
Leverangdør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

Jan Magne Mæland 90565245
Tor Henning Mæland 95221191
Mail: jmm@maeland-bygg.no



G 12

Bak fv.

Emil Bokneberg, Kenneth A. Espe-land, Mathias Olsen, Vetle L. Faye, Isak S. Tjøsvoll, Torbjørn B. Christensen og Magnus G. Alvestad.

Framme fv.

Sindre K. Solberg, Preben Våga, Oliver Jøsang, Fredrik Våga, Kristoffer K. Solberg og Ådne D. Jøsang.



Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Me prøver å variera kor vanskelege orda og uttrykka er, men om ikkje den eine greier det, greier den andre det. Men denne gongen var det Andor som drog av med sigeren. Mellom anna var han inne på kva «vevlingar» var for noko. Bare ein stad var han fast, «ein gøys» betyr eigentleg «ein sprut». Ordet er i slekt med det islandske «geysir» som betyr «den som sprutar».

Når det gjeld «å fryna», så betyr det å rynka på nasen av noko ein ikkje lika. Det er såleis ikkje det å mislikai seg sjølv, som er tydinga. Elles var det noko tvil om kva det innebar «å vera hesen». Eigentleg tyder det å vera ru eller sår på hendene, jfr. vårhesa. Ordet kjem av «hås» som også kan tyda «å ha ei ru røyst». Difor kan nok også dette siste vera rett.

Forklaringar:

1. å vera bresen å gjera seg karslege, tøffa seg
2. å vera hesen å vera ru, hås, jfr. «vårhesa»
3. vevlingar vanter avskorne for fingrane, bruka når ein skulle dra teiner
4. å fryna rynka på nasen av noko
5. ein lågpinne pinne ein festar loket i teina med
6. ei klimpa mjølbolle til å ha i kjøtsuppa
7. å mørja å styra på, herja på
8. ein gøys ein sprut
9. å bregda å laga fletta garn saman til sokkeband
10. kleise noko seigt

Månadens utfordringar, kva betyr

1. å blinda (har ikkje med augo å gjera)
2. ein skåre
3. å skora av
4. samsala
5. eit rodaloft
6. eit ljàband
7. klampakjerre
8. ei rega
9. ei troa
10. ein stutturv

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 4. juli.

Resultat:

Andor Borgenvik 9 poeng
Dagsentergjengen 7 poeng

Dette var orda og uttrykka for denne gongen. Nå har me halde på i om lag fem år og til saman presentert om lag 500 gamle ord og uttrykk frå Bokn. Og framleis ser det ut til å vera ei mest uendeleg mengd med slike uttrykk me framleis ikkje har bruka. Planen er etter kvart å gje ut eit eige hefte med slike ord frå Bokn – til glede for oss sjølv og som ei arv til dei som kjem etter. Til sist takkar me Helge Laupland som ein trufast bidragsytar og oppfordrer alle andre til å yta sine bidrag til denne spalta.

Arbeid på bygdemuseet

Jardar Havikbotn

Denne våren og sommaren har Bokn bygdemuseum fått litt negativ fokus. Men resultatet blei midlar både til vedlikehald og parkeringsplass, vedlikehaldsprosjekt, ny giv og nytt styre.

Bokn historielag har i fleire år hatt sommarope i ungdomshuset på Håland. I eit møte dei hadde med underteikna i samband med sommarope 2016, kom det fram at i tekstdelen til inneverande budsjett blei avhending eller riving av huset vurdert. Dette førte naturleg til nokre lesarinnlegg og sterkare fokusering på bevaring og vedlikehald av huset frå 1908.



Eivind Øvrebø, tv. og Leiv Våga gler seg over vidare bevaring og vedlikehald av Bokn bygdemuseum.

- Sånn går det når du er stor i kjeften.

Dei smilande orda kjem frå leiar i Historielaget, Leiv Våga, medan han og Eivind Øvrebø held ytterdøra mel-

lom seg. Døra skal heim til Loten for å bli gjort i stand. Der har også dei fleste vindauga i huset havna. Leiv brukar sonen Erik som rådgjevar, som også skiftar ut det som er rote i husdelane. Med seg på dugnaden har dei også Reidar Alvestad. Han var ikkje til stades då Bygdabladet var på besøk.

Sesongstart 26. juni

Vedlikehaldsprosjektet, som er eit samarbeid mellom seksjon teknisk i kommunen og Historielaget, kom i stand etter eit møte mellom representantar frå Bokn historielag og Bokn kommune i slutten av mai. 26. juni var det klart for den første opningsdagen for sesongen. Då fekk publikum m.a. sjå nyreparerte vindauge på vestsida av bygget. Det skal hengast opp persienner og gardi-



I september 2008 fekk sørveggen ny kledning, 100 år etter at huset var nytt.

ner. Resten av vindauga i huset skal også overhalast.

- Me kan ikkje ta heile huset nå, me får ta det over sikt, kjem det frå Eivind.

- Ja, me går nå her og putla, skyt Leiv inn, og meinar at nordveggen treng ny kledning i tillegg til vindauga. Søreveggen fekk ny kledning i 2008. Det vil visa seg kor langt pengane rekk.

Ekstra midlar


I to ulike formannsskapsmøte er det bevilga ekstra vedlikehaldsmidlar til museet, i tillegg til pengar til parkeringsplass ved huset. Og i desse dagar blir det jobba med ein avtale mellom grunneigar og Bokn kommune om parkeringsplass.

Frivillig arbeid er ikkje noko nytt for karane. Som mange veit er begge tidlegare kulturprisvinnarar for innsatsen sin på dette området. Eivind

fekk prisen i 1993 for å ha bygd opp nettopp bygdemuseet, og Leiv saman med kona Solveig i 1999 for bragdene sine i speidararbeidet.

Interessa og eigarforholdet til å ta vare på ungdomshuset på Håland er absolutt til stades. Det står stor respekt av desse eldsjelenes.

Ta deg ein søndagstur i løpet av sommaren, så får du også sjå kor langt arbeidet har kome.



Friluftssuke i barnehagen

Silje K. Gismarvik

Friluftssuka gikk av stabelen i begynnelsen av april. Vi var heldige som hadde fint vær, det gjør arbeidet og opplevelsen mye lettere.

Vi hadde en uke med blanding av turer i nærområdet, skogsturer og litt minibuss-tur. I år prøvde me turen til Steinsvikane og Gunnarstad. Det var to flotte plasser som vi gjerne besøker igjen.

I løpet av friluftssuka gjennomførte vi en del aktiviteter som er relatert til naturen og vi håper å ha tildelt barna litt ny interesse for det som spirer og gror rundt oss. **På bildene ser dere bare en liten smakebit av det vi har opplevd.**



Haldningsskapande arbeid

AV-OG-TIL-kommunane Bokn og Tysvær samarbeider med politiet for rusfri trafikk, og gjennomførte ekstra promillekontrollar i veke 23.

Ei fersk undersøking hos Ipsos MMI viser at ni av ti frå Bokn og åtte av ti frå Tysvær fryktar å møta ein promillekøyrar i trafikken.

- Dette er overraskande og svært høge tal, som viser at me ikkje stolar på medtrafikantane våre. Når faren for ulykker og skader er så høg er det naturleg å vera redd. Uansett kor gode sjåførar me sjølv

er, hjelper ikkje det viss den me møter er påverka og ute av stand til å lesa trafikkbildet og ta dei rette vala, seier dagleg leiar Kari Randen i AV-OG-TIL.

Analysar frå Statens vegvesen viser at minst 21 prosent av dødsulykkene på norske vegar skuldast rus. Dette utgjør 402 dødsfall dei siste ti år.

Felles promillekontroll

Bokn kommune og Tysvær kommune rettar, saman med politiet, ekstra søkelys på rusfri trafikk. Veke 23 blei det gjennomført ekstra promillekontrollar som ein del av dette arbeidet.



Promillekontroll 7. juni, fv. Samfunns- og utviklingssjef i Bokn kommune, Anne E. Askeland, ordførar i Tysvær kommune, Sigmund Lier og folkehelsekoordinator i Tysvær kommune, Ann-Kristin Berge Dahle (ordføraren i Bokn kunne ikkje delta).



Formannskapsmøte 10.05.2016, sak 040/16

Kulturmidlar 2016.

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte. Kr. 150.000 blei fordelte.

Bedehuset, Gatebilklubben, Historielaget, Speidarane, Musikkorpset og Mållaget fekk det dei søkte om. Pensjonistforeningen og Skyttarlaget fekk det same som i fjor. Bokn idrettslag fekk ein støttereduksjon. Bokn Sykkelklubb fekk ein auke i støtta si. Taekwon-Do-klubben fekk oppstartsmidlar (§4).

§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak:

Søkar

Bokn Gatebilklubb:	Material og maling til lagning av parkbenkar til allmenn bruk ved Kyrkjebygd aktivitetshus.
--------------------	---

Dei fekk §7-midlane til prosjektet sitt.

Oversikt:

Lag/organisasjon	Fordeling 2015	Fekk 2016
Bokn bedehus	3.000	3.000
Bokn gatebilklubb	10.000	10.000
Bokn historielag	3.000	3.000
Bokn idrettslag	53.500	48.000
Bokn KFUK-KFUM	30.000	30.000
Bokn musikkorps	15.000	15.000
Bokn mållag	3.000	3.000
Bokn pensjonistforening	3.000	3.000
Bokn skyttarlag	3.000	3.000
Bokn sykkelklubb	2.000	20.000
Bokn Taekwon-Do Klubb	-	2.000
Bokn Gatebilklubb	§7-spesielt tiltak	10.000

Formannskapsmøte 10.05.2016, sak 043/16

Overtakelse av Toyota etter endt

leasingperiode.

Formannskapet vedtok: Formannskapet vedtar å bevilge 124 000,- til kjøp av Toyota

Hiace. Beløpet vert dekket av reservert løyving.

Formannskapsmøte 10.05.2016, sak 044/16

Oppgradering av audiovisuelt i allrom og møterom 1 etg.

Formannskapet vedtok: Det vert løyvd kr. 100.000,- til oppgradering av audiovisuelt utstyr i møterommet 1. etasje.

Beløpet vert dekket av reservert løyving.

Formannskapsmøte 10.05.2016, sak 048/16

Søknad om støtte frå næringsfondet.

Formannskapet vedtok: Bokn formannskap tildeler kr. 25.000,- til OK Produkter A/S i etablerartilskott/ utviklingmidlar.

Formannskapsmøte 23.05.2016, sak 049/16

Kjøp av eigedom. – unnt. off.

Formannskapet vedtok: rådmann får fullmakt til kjøp av best. eigedom og/eller forhandling med eigarar om bruk.

Formannskapsmøte 23.05.2016, sak 050/16

Vedlikehaldsplan og parkeringsplass for Bokn museum.

Formannskapet vedtok: Formannskapet vedtok samrøystes forslag til vedtak om tilleggspakke for museet.

Formannskapsmøte 07.06.2016, sak 056/16

KS hedersmerke.

Formannskapet vedtok: søknad om å få utdele KS sitt hedersmerke for lang og tro teneste blir sendt.

Forvaltningsstyremøte 11.05.16, sak 014/16

Gnr. 4 bnr. 16 - Bjørn G. Nedrebø - gangbru til naust – dispensasjon.

Forvaltningsstyret vedtok:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av gangbru til naustloft, slik det er søkt om.

2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, vert søknad om oppføring gangbru til naustloft godkjent i medhald av § 20-4 i plan- og bygningslova, i samsvar med søknad.
3. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med gjeldande lovverk og føresegner.
4. Det må søkjast om ferdigattest før gangbrua vert teken i bruk.

Forvaltningsstyremøte 11.05.16, sak 015/16

Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - einebustad-dispensasjon.

Forvaltningsstyret vedtok:

Høgre sette fram forslag til vedtak som fylgjer:

I medhald av godkjent kommuneplan vart det godkjent bygging av einebustad på gnr. 7 bnr. 32.

Det er lagt vekt på godkjent kommuneplan og at tomta er byggemodna med veg vatn og avlaup.

Bokn kommune ynskjer spreid bustadbygging, og ynskjer at innbyggjarane får busetja seg på heile Bokn.

Høgre sitt framlegg vart vedteke mot to røyster, ei frå SP og ei frå AP.

Forvaltningsstyremøte 11.05.16, sak 016/16

Reguleringsplan for Føresvik Marina - 1. gongs hand-saming.

Forvaltningsstyret vedtok:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Føresvik Marina med kart dagsett 01.04.2016 og føresegner dagsett 17.04.2016 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Basartradisjonen lever vidare

Jardar Havikbotn

Bokn sanitetsforening, som er 80 år neste år, arrangerer den årlege basaren sin onsdag 8. juni.

Annette Ness frå *Veiledningssenteret for pårørende* heldt foredrag. Senteret har kontor i Sandnes og Hauge-sund og blir eigd av Norske Kvinners Sanitetsforening avd. Rogaland. Veiledningssenteret, som er eit livsyns-nøytralt tilbod, er eit gratis lavterskeltilbod for pårørende til rusmiddelavhengige, innsette i fengsel/personar politiet er i kontakt med og etterlatte etter rusrelaterte dødsfall.

Både Seniordansen og Boknakoret/Aksang bidrog til underhaldninga. Underteikna fekk ikkje med seg Seniordansen, men håpar å få sjå dei på opninga av fleirbruks-hallen 1. oktober. Der skal i alle fall Boknakoret/Aksang opptre. Dei gav oss nokre smakebitar på det dei driv med for tida, tre poplåtar: *Hello* (Adele), *The Voice Within* (Christina Aguilera) og *The Man In The Mirror* (Michael Jackson) - dei to første med Ine Kleiveland som solist. Gled dykk til opninga av Bokn Arena!

Leiar i Bokn sanitetsforening, Reidun Grønnestad, er glad for at det kom så mange folk, særleg var det mange barn. Ho vil takka alle innbyggjarane i Bokn som støtta opp om basaren, og spesielt takka skuleelevane som rigga opp bord og stolar. Det kom inn kr. 51.600 som denne gongen går til drift.

Saniteten, som jubilerer 13. november 2017, jobbar med Kvinnehelse frå vugge til grav. Foreningen har også mannlege medlemmer.

- Me ynskjer fleire unge velkomne, seier Reidun Grønnestad.



Klassetur til Polen 2015

Tekst: 10. klasse - foto: ukjent

Me reiste til Polen 21. oktober 2015 tidleg om morgonen.

Då me kom fram til flyplassen i Krákow tok me turen rett i saltgruvene. Saltgruvene var ei flott og minne-

Sterkt og lærerikt

I dagane som følgde gjekk vi blant anna på Schindlers museum, byvandring, og til slutt høgdepunktet med turen Auschwitz/Birkenau. Auschwitz/Birkenau var ein veldig sterk,

Takk!

Me vil takka alle som har støtta oss og gjort denne turen mogleg for oss, og spesielt stor takk til sponsorane våre: Grieg Seafood, Hårsmia, Askeland Eiendomsutvikling, Hervik rør,



I SALTGRUVENE: bak fv. Arild Nilssen, Ivar Ekornrød, Roar Sæbø Tjøsvoll, Kristian Lie Alvestad, Johan Rossebø, Valentin Petunov, Grethe Alvestad, Anne Mette Jøsang og Marianne Lie.

Framme fv: Audun André Hausken Heskja, Jan Robin Jøsang, Emilie Alvestad Espeland, Celine Våga, Karen Drilen Jøsang, Annelin Jøsang, Jørgen Nilssen, Sander Alvestad og Liv Birknes.

rik oppleving. Etter saltgruvene sjekka me inn på hotellet med livet i behold etter ein busstur litt utanom det vanlege med ein galen bussjåfør. Det var ikkje mange minuttane på hotellet før alle ungdommane var på veg til kjøpesenteret.

men også lærerik oppleving som me kjem til å hugse lenge.

Utanom dette hadde me mange kjekke, og lange, kveldar på hotellet med god mat og godt samhald med klassen.

Bokn Plast, Vassbakk & Stol, HighComp AS, KFL bil & utleie, Nedrebø maskin & transport, Galaged Kitchen, Tåganes Eigedom, Skjoldstraumen Taxi, Bokn taxi, NIBE AS, Frisørrommet – Boknatun og Håflu.



BOKN ARENA

Opning 1. okt. kl. 12:00 - 02:00



Kjære boknar!

Sett av 1. oktober, då blir det storstilt opning av fleirbrukshallen. Heile dagen blir det fest og du er invitert til å delta, enten som gjest eller bidragsytar. Målet er å visa det store aktivitetsnivået i Bokn. Bli med - me skal fylla dagen med ulike aktivitetar, alt frå idrett, leik og konkurransar til revy, musikk og andre sceneinnslag.

Kva kan du bidra med?

Dette blir ein festdag og det er berre å setta tankane i sving. Har du lyst å bidra med noko, eller har du kanskje idéar om kva dagen bør innehalda - ikkje nøl med å ta kontakt med kulturkontoret.

Opningskomitéen vil laga til dagsprogram, basert på innkomne bidrag.

Tilbakemelding til jardar.havikbotn@bokn.kommune.no innan 1. juli.

Helsing opningskomitéen,

Tormod Våga

Didrik J. Alvestad

Wolfgang B. Ognøy

Jardar Havikbotn

Lars Sigmund Alvestad

Eirik Nedrebø

Anne Tove Øvrebø

BOKN ARENA



Del III

Kroken på døra - Tid for å minnast

Bertha, Heine og dei andre

Den sentrale personen då Bokn Sparebank nådde middagshøgda, var Bertha Våge. I 1967 flytta Solveig Ellingsen or kommunen og i staden blei 34-årige Bertha vald inn i formannskapet. Dette blei starten på 21 år i teneste for banken. Frå 1969 kom ho inn i styret. Ved dei tider var det styret som sto for ekspedisjonen av kundane og i det heile drifta av banken. Den einaste tilsette var kasseraren, Heine Søndeland. Slik hamna då Bertha bak skranken. Men oppgåva var overkommeleg, opningstida var kvar laurdags ettermiddag.

Bertha sto på for banken og viste seg som ei dugeleg dame. Resultatet var at ho i 1973 blei vald som styreformann i bankstyret, den fyrste i landet. Ved dei same tider blei opningstida utvida til også å omfatta fredags ettermiddag. Sidan i 1970-åra blei det ope kvar kvardag. I hennar tid ved roret gjekk banken nærast gjennom ein revolusjon noko som mellom kom til uttrykk i at forvaltingskapitalen auka frå tri millionar i 1969 til 35 millionar kroner i 1984.

Dette var det siste året for Bokn Sparebank som ein frittstående bank.



Arne Hosaas

Foto: Jardar Havikbotn

Det var også dette året Bertha blei tilsett som dagleg leiar. Det var med henne ved roret at Bokn Sparebank styrte inn i ein fusjon med SR-Bank som blei ein realitet frå 1. august 1985. Ved dei same tider innførte banken EDB.

Innføringa av data var ein krevjande prosess, og datakunnige var i Bokn ein mangelvare. Det var då Bertha vende seg til Arne Hosaas, ein av lærarane ved Bokn skule. Ho hadde sjølv vore lærar på skulen og kjende vel til at han var ein av dei yttarst få i bygda som kunne data. Han blei difor frå 1986 hanka inn til å ta seg av denne delen av bankdrifta.

«De sender jobbane frå dykk» - inn i dataverda

Med han var fire sysselsette i banken. Bertha som sjef og ansvarleg for utlån. Bjørg Bokneberg blei tilsett i 1980 og fekk ei hovudoppgåve med bokføring, ho sat i kassen og tok seg av ulike praktiske oppgåver. Arne Hosaas tok seg av datadelen medan Heine Søndeland til då hadde ansvaret for rekneskapen. Heine heldt sidan fram til kring 1991. Ein femte medarbeidar var Møyfrid Vatnaland. Ho fungerte som revisor, men blei etter fusjonen erstatta av SR-Bank sine egne reviso-



I år 2000 tok Olav Rossabø over etter Bjørg Bokneberg som avdelingssjef. Her sit Bjørg til venstre og Olav til høgre.

Foto: Jardar Havikbotn

rar. Ho heldt likevel fram i banken med ulike oppgåver fram til kring 1988, året etter at banken frå 1. august 1987 flytta inn i dei nye lokala i Boknatun.

Arne Hosaas viste seg å vera ein dugeleg kar på mange område, og då Bertha førtidspensjonerte seg frå 1. november 1988, var det naturleg at han fylgde etter som banksjef. Dette var ei turbulent tid for bankverda i Noreg etter det såkalla «bankfrisleppet». Dette var mellom anna eit resultat av at Willoch-regjeringa i 1984 fjerna tilleggsreserverkravet. Med det fekk bankane meir pengar å låna ut, men dårlegare rygg til å møta ringare tider. Resultatet var altså bankkrise som slo inn over landet frå 1988 og førte både til bankfusjonar og statlege inngrep.



Banken gav også gåver til foreningslivet, her i mai 2002, er det Bokn idrettslag som er dei heldige. I bakgrunnen til venstre avdelingssjef Ann Jeanette S. Olausen og i forgrunnen med sjekken til venstre Rita Bokneberg og Elisabet Taraldlien.

Foto: Jardar Havikbotn

Også SR-Bank sleit, men SR-bank Bokn var ein av avdelingane som greidde seg best. Tvert om var banken i Bokn på offensiven særleg når det galdt å tilpassa seg den nye teknologien med visakort. Tida kring 1990 var ikkje minst prega av arbeidet med å utsteda betalingskort med legitimasjon og fotografering. «Med dette sender de jobbane frå dykk», var det då fleire som sa. Eit anna tiltak i same lei, var innføring av brevgiro.

Fjernstyring og kompetanseheving

På den andre sida var dette ei tid då banken i Bokn i aukande grad mista sjølvstende. Arne heldt fram som banksjef fram til i 1995, og opplevde i denne perioden at banken blei redusert til eit salskontor for SR-Bank. I fyrste omgang blei Bokn styrt frå regionskontoret i Haugesund, men sidan frå Stavanger. Styret for banken i Bokn blei avvikla i 1987 og erstatta med eit såkalla bankråd som fekk i oppgåve å dela ut midlar til lag og foreiningar i kommunen. Men i fyrste omgang heitte det at søknadane skulle vurderast ut frå marknadsføringsverdien for banken. Dette rådet heldt fram så lenge SR-Bank beheldt kontoret i Bokn.

Det var ikkje lenger råd for kontoret å køyra ein sjølvstendig bankstrategi for

Bokn. Bare mindre summar mellom anna til bilkjøp og andre forbrukslån, fekk dei administrera sjølv. Men jamvel huslån laut ein ut av bygda for å få godkjent. Det var det eit regionalt utval med representantar frå kontora på Haugalandet som tok seg av. Frå starten fekk Bokn ha eit eige representantskap, men alt i 1991 var det erstatta av kommunale representantar som møtte til store, felles representantskapsmøte i Stavanger.

Utanom dei einskilde, privat kundane låg arbeidet til avdelingskontoret i Stavanger på tri felt: Lån til havbruksnæring, driftskredittar til jordbruket og som bank for kommunen. Den siste var utan samanlikning den største kunden. Havbruksnæringa var særleg utfordrande der banken gjekk tungt inn og støtta lokale drifterar både med omsyn til matfisk- og settefiskproduksjon og fiskemottaket. Men utover i 90-åra tok det til å butta mot med tri store konkursar. Til dette kom trenden med at utviklinga av datasystema i aukande grad minka behovet for kundekontakt.

På den andre sida blei dei tilsette i banken i Bokn tilbodne å gå inn i eit større bankfellesskap som mellom anna innebar kursing og skolering i forhold til oppgåvene i banken. Dess-

utan var det ein tett kontakt både med kontora i Kopervik og Akسدal der ein kunne venda seg om det var noko ein undrast over.

Jentene kjem mannsterkt: Brynhild, Bjørg, Kari og May Jorunn!

Likevel førde den aukande umyndiggjeringa og sentraliseringa til noko frustrasjon og ettertanke om bankverdenen var noko ein ynskte å halda fram med resten av livet. I alle fall blei konklusjonen for Arne Hosaas å gå av som banksjef og å gå tilbake til lærargjeringa ved Bokn skule. I staden blei han frå 15. august 1995 erstatta av Brynhild Tranberg som ny banksjef, då den einaste kvinnelege banksjefen på Haugalandet.

Bakgrunnen hennar var at ho i 13 år hadde virka som kundefrådgjevar innan personalarbeid og utlån ved banken i Akسدal. Med henne starta ein periode med nokså mange skifte i leiinga ved kontoret i Bokn. Ei anna som noko tidlegare kom frå Akسدal, var Kari Høyvik. Brynhild flytta sidan til Austre Bokn, men blei alt i 1998 flytta til SR-kontoret i Haugesund. I staden tok Bjørg Bokneberg over som avdelingssjef. Ved sida si hadde ho framleis Kari Høyvik. May Jorunn Vatnaland hadde då ei tid vore vikar, men frå 1998 gav Kari og Bjørg frå seg kvar sitt dagsverk slik at May Jorunn blei fast tilsett med to dagar i veka.

Sidan gjekk det bare to år til – til i 2000 - før det på ny blei leiarskifta, nå med Olav Rossabø i stillinga. Heller ikkje han blei gammal i jobben, kring 2002 flytta han til SR-kontoret i Akسدal. Med det tok Ann Jeanette Olausen over som avdelingssjef. Utfordringane vidar for kontoret på Bokn, var stadig minkande behov for personleg frammøte i banken. Bankkorta og betalingsterminalar gjorde behovet for kontantar minkande og i aukande grad gjekk folk over til nettbank. Men kanskje kunne bufellesskapet med kommunen vera til hjelp?

KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå	2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå	500 kr.
Skinngleie	frå	500 kr.
Desinfisering av klimaant.		500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Nytt!

Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taktolje, motorolje,
hydraulikkolje,
sagkjedeloje osv.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
@: kjellfrode75@hotmail.com



NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær

begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964

Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
Marked Bokn.

**Opningstider blir varsla med
oppslag på døra og på
Facebook-sida vår.**

Helsing

Elisabet & Annette

469 59 513 - 913 28 258



PÅMELDING TIL BOKN MUSIKK- OG
KULTURSKULE, SKULEÅRET 2016/2017

Elektronisk påmeldingsskjema på
nettsidene til kommunen.

HUGS!


Søknadsfrist: 15. AUG. 2016



**BIBLIOTEKET HAR SOMMARSTENGT
FRAM TIL 22. AUGUST**

Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no



Info frå legekantoret

SOMMAREN 2016

Pga avvikling av permisjon og ferie vil legekantoret på Bokn vere stengt frå 30. mai til og med 31. juli.

For perioden 30. mai til og med 3. juli vil det vere Hegren Legesenter og dr Egenberg som er vår vikar. Du får kontakt på tlf 52 75 88 00. Adresse er Aksdalsvegen 135, Aksdal.

For perioden 4. juli til og med 31 juli er det Frakkagjerd Legesenter og dr Al-Hassan som er vår vikar. Du får kontakt på tlf 52 75 50 60.

Adresse er Frakkagjerdvegen 90, Førresfjorden.

Frå 1. august vil Bokn legekantoret vere i normal drift igjen.

Ved alle akutte henvendingar bruker du legevakttelefonen 116 117.

Står det om liv ringer du medisinsk naudnummer 113.

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinik i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00

aksdal
TANNKLINIKK

TANNLEGE

Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE

Camilla K. Mæland



Opningstider på Bokn Bygdemuseum, sommaren 2016

Kvar søndag i tidsrommet frå 26. juni t.o.m. 07. august kl. 13.00 -16.00.

Det er folk frå styret i Bokn historielag som vil vera til stades i opningstidene.

Velkommen!

Bokn historielag
Bokn kommune



Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

GOLDWELL
CLOSED TO STYLISTS - CLOSED TO HAIR

Ferie
Uke 27 - 28 - 29

Ha en strålende sommer!

Hilsen fra Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
CLOSED TO STYLISTS - CLOSED TO HAIR

Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad

BOKN LEGEKONTOR

Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08 - 15.

Telefontider 08-11 og 13-14.

Telefon 52 75 25 40.

Timebestilling også på nett / SMS – sjå bokn.kommune.no for meir info.

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Dersom du er utanfor kommunen, men treng å komme i kontakt med Bokn legevakt (f.eks som pårørande), ringer du 52 74 85 22.

Jan Schille - lege

Legevakt
116117




Velkommen til Hårsmiå!

Åpent alle hverdager inkludert lørdager etter avtale.

Fredag 1. juli er siste arbeidsdag før sommerferien, er tilbake mandag 15. august.

Ønsker alle mine kjære gode Hårsmiå-kunder en riktig god sommer.

Mvh. Mona



A-Blad

Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

